

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
134/2014	Formannskapet	02.12.2014
072/2014	Kommunestyret	11.12.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 216	14/1160

### Selskapskontroll 2015

Kommunestyret prioriterer å få gjennomført selskapskontroll i AS Einekavane som kommunen eig 100 %.

#### Formannskapet - 134/2014

##### **FS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

##### **FS - vedtak:**

Kommunestyret prioriterer å få gjennomført selskapskontroll i AS Einekavane som kommunen eig 100 %.

#### Kommunestyret - 072/2014

##### **KS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

##### **Røysting:**

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

### **KS - vedtak:**

**Kommunestyret prioriterer å få gjennomført selskapskontroll i AS Einekavane som kommunen eig 100 %.**

### **Underliggende saker:**

#### **Bakgrunn**

Heimelen for selskapskontroll føl av kommuneloven (kompl.) § 77 nr. 5, som fastsetter at kontrollutvalet skal "påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m.", jf. tilsvarande formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

I Note 4 i rekneskapen for Masfjorden kommune der lista opp i kva selskap som kommunen har aksjar i. I tillegg kjem interkommunale selskap som NGIR, Nordhordland Revisjon og Nordhordland Utviklingsselskap.

I Note 4 går det fram at det er 4 selskap som Masfjorden kommune har vesentlege eigarandelar i. Det er følgjande selskap:

Selskapet sitt namn	Eigarandel i selskapet
AS Einekavane	100 %
AS Masfjordbygg	55 %
Stordalen Skisenter AS	50 %
Gulen – Masfjorden Utbyggingsselskap	21,5 %

Kontrollutvalet hadde ein gjennomgang av oversikten over selskap. Kontrollutvalet ser det som viktig å prioritere selskap der kommunen har høg eigarandel og som er viktig for kommunen sin tenesteproduksjon.

Selskapskontrollen vil også fokusere på kva rutinar kommunen har for å følge opp sine eigarinteresser, slik at den vil gå noko vidare enn berre å fokusere på det spesifikke selskapet.

#### **Konklusjon**

##### **Samrøystes vedtak, kontrollutvalssak 31/14 :**

Kontrollutvalet prioriterer å få gjennomført selskapskontroll i AS Einekavane som kommunen eig 100 %.